

Frå Voss for å høyre Stedje

20.01.2009



Interessa for Olav Stedje-konserten i Dønhaugkjedlaren laurdag har vore stor, melder Magne Huglen. Gjestene kjem frå heile Kvinnherad, frå innerst til ytterst i kommunen. Men det kjem også folk heilt frå Voss for å høyra sogningen!

Ei Voss-gruppe har nemleg valt Uskedalen som reisemål denne helga for å feira 'rund dag' og for å få med seg

konserten. Kanskje får dei også ein liten svingom, på eit minimalt danseareal, i løpet av kvelden.

Dei aller fleste plassane er allereie reservert - før annonser har stått og plakatater kome opp. Tysdag kveld var det berre rundt 10 ledige plassar att. Dei som vil sikra seg desse, må med andre ord vera raske. Konserten startar klokka 21.

På biletet er Olav Stedje i aksjon i Dønhaugkjedlaren sist han var her. (Foto: Ola Matti Mathisen)